

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Postboks 8112 Dep

0032 OSLO

Deres ref / dato:

Vår referanse:

Telefon:

Dato:

sanda@tmforsk.no

95727158

09.05.2018

Høringsuttale til rapport frå ekspertutvalet som har vurdert nye oppgåver til dei nye fylkeskommunane

Vi viser til høringsnotatet, og ønsker med dette å gi vårt innspel. Dei regionale forskingsinstitutta har hatt gode felles drøftingar i denne saka, og vårt innspel bygger i stor grad på innspelet frå Vestlandsforskning. Vi har fått løyve til å nytte oss av formuleringane deira der det høver.

Vi støttar utvalet sitt forslag om å styrke fylkeskommunen sine verkemiddel for forskning (Regionale forskingsfond, RFF) med auka finansiering, omtalt i kapittel 5 Næring, forskning og innovasjon.

Ordninga med regionale forskingsfond tillet fylkeskommunane å gi retning til forskningsspørsmål og å avgjera prosjektstøtte, samtidig som det administrative apparatet med panelvurdering og kvalitessikring av søknadar vert ivareteke av Forskningsrådet. Både organiseringa og resultatane frå RFF-ordninga har fått positive evalueringar.

Vi er einige i vurderinga til utvalet om at ei styrka RFF-ordning er viktig for at fylkeskommunen i større grad skal vere i stand til å bygge sterke kunnskapsmiljø rundt sine næringsmessige og naturgitte fortrinn, og vi stiller oss bak utvalet sine vurderingar om at det er behov for ein politikk som tek utgangspunkt i regionale moglegheiter og fortrinn, basert på lokalt kjennskap og initiativ.

Vi stiller oss også bak utvalet si vurdering om at det i tillegg til regionale verkemiddel for forskning og innovasjon, vil vere behov for nasjonale verkemiddel, og at dette gjeld særleg ordningar der ein ønskjer nasjonale konkurransearenaer for å sikre likearta behandling av prosjekt. Vi er vidare einige i at staten bør ha ansvaret for oppgåver som føreset eit nasjonalt heilskapsgrep, og at nasjonale styresmakter framleis bør ha oppdragsansvar for verkemiddel der nasjonale og/eller internasjonale konkurransearenaer er avgjerande.

Vi ønskjer å legge til at det er behov for å styrke finansieringa av FoU i offentleg sektor i regionane, der RFF har vist seg å vere eit effektivt verkemiddel for innovasjon i offentleg sektor. Vi gjer framlegg om å styrke innsatsen mot kommunal sektor gjennom RFF-ordninga, i

Telemarksforsking

Boks 4, 3833 Bø i Telemark | T: +47 35 06 15 00 | F: +47 35 06 15 01 | telemarksforsking.no

Foretaksnr. NO 948 639 238 | Bankgiro 2630 05 05383

tillegg til ordningane i Forskningsrådet retta mot innovasjon i offentleg sektor, som også har behov for å bli styrka med auka finansiering.

Med helsing



Karl Gunnar Sanda

Direktør